

Snøføyka med noko attåt...

I samband med regattaen Snøføyka 13. februar, har Ran Seilforening eit samarbeid med North Sails. Seglmakar Pål Tønnesson kjem over og tilbyr gjennomgang av riggtrim på kaien i Anglevik med dei fyrste 7 båtane som melder interesse for dette, frå kl 10:15 til kl 11:30.

1. varselsignal på Snøføyka går klokka 12:00.



Pål Tønnesson, North Sails
(Foto: Mikkel Thommessen, Seilas)

Skiprar som er interessert i ei slik 10 minutts gjennomgang, melder seg til Kjell Magnus Økland, telefon 950 46 739. Her er det altså dei sju fyrste deltakerbåtane på regattaen som melder si interesse for ein slik gjennomgang, som får denne vederlagsfrie servicen. For å spare tid, stiller båtane som vert med på denne servicen, regattaklar, til avtalt tid, med storsegl og skjøter klargjort.

Under seglasen vil Pål vera i komitébåten og gjera videoopptak av seglinga. Etter seglasen inviterer Ran Seilforening alle deltakane til premieutdeling og servering av varm suppe i det nye klubbhuset. Her vil Pål gå gjennom seglasen, vise video på storskjerm og kommentera ulike situasjoner i regattaen og svare på spørsmål.

Arrangementet vil vera avslutta seinast kl 17:00.

Velkommen til Snøføyka 2010!

